


BOKN BYGDEBLAD

NR. 1 JAN./FEBR. 1990 ARG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

OGNASUNDET BRU OFFISIELT APNA



Ognasund bru er 420 m. lang. Seglingshøgd: 21 m.

Den 16. januar vart Ognasund bru offisielt åpna. Sjøl om brua eigentleg hadde vore åpen for trafikk sidan 22. desember, vart det ikkje offisiell åpning før i januar. Årsaka til dette var m.a. uvisse om brua kunne åpnast før jul.

Det var Kjell Kro og Einar Eikje, grunneigarar på kvar si side av brua, som kappa over snora som var spent over brua. Dei brukte ei gamal, lita skavøks då dei kappa snora. Kjell Kro sa at han aldri hadde trudd at bruene ville koma i hans levetid, og syntes mest det var uverkeleg at prosjektet nå var realisert fram til Austre Bokn. Einar Eikje sa at han håpa at bruene ville bli ei velsigning for alle.

Det var elles med gjester frå Vegvesenet, entreprenørar for bruene, den lokale arbeidsstokken frå Vegvesenet, Tungenes Ferjeterminal og sjølvsagt ordførarane i Tysvær og Bokn. Heile barnetrinnet frå Tysvær våg skule, pluss elevar frå Hetland og Hervik skule i Tysvær var med på åpninga. Tysvær skulekorps og Bokn skulekorps var med og laga ei festleg ramme om bruåpninga.

Ognasund Bru har kosta mellom 43 mill. kroner, og arbeidet starta i mai 1988.


Det er A/S Betong som har hatt arbeidet med brua, som er 420 meter lang, og har ei seglingshøgd på 21 meter.

framh. s. 2

Når det gjeld Boknasund Bru, opplyser Rune Sandven ved Vegkontoret sitt anleggskontor på Susort at denne brua tidlegast kan opnast ca. midt i desember i år. Sjølve brua kan vera ferdig i månadsskiftet november/desember dersom uforutsette ting ikkje skjer. Så må Vegvesenet ha ca. 2 veker på seg for å gjera klar vegen på

begge sider av sundet.

Det er altså ein reell mulighet for at folk frå Vestre Bokn slepp å reisa i ferje over sundet når dei skal ta seg ein Haugesundstur før jul. For å halda framdriftsplanen, skal Aker halda arbeidet i gong også i sommarferien.



Boknasundet bru vert ferdig til bruk til jul dersom alt går etter planen.

SKILTING TIL BOKNATUN

Teknisk etat skal syta for at det vert sett opp skilt som skal visa veg til Boknatun.

Det har vore klaga på at særleg tilreisande har problem med å finna fram til m.a. Bokn sjukestove.

OPPARBEIDING RUNDT BOKNATUN

Bokn kommunestyre har løyvd kr. 10.000,- til opparbeiding og planting rundt Boknatun. Det står ennå ein del att på at anlegget er ferdig.

UTVIDING AV BIBLIOTEKSJEF- STILLINGA

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 19.12.89 mot 2 røyster å utvida stillinga ved biblioteket til 1/2 stilling. Dette medfører at åpningstida nå er 3 gonger i veka mot før 2. Det vil venteleg også bli auka aktivitet med m.a. barnetime, bokkafè og utvida samarbeid med skulen. Utviding av stillinga medfører at biblioteksjefen også skal ha andre arbeidsoppgåver innafor kultursektoren.


INNKJØP AV TV OG VIDEO

Bokn kommunestyre har vedtatt at det skal kjøpast inn video og TV til Boknatun. Utstyret skal brukast til undervisningsføremål.

TRASEUNDERSØKINGAR MELLOM BOKNAFJORDEN OG KÅRSTØ

Statoil vil i tidsrommet frå desember 1989 til mars 1990 gjennomføra trasèundersøkingar mellom Boknafjorden og Kårstø. Undersøkingane vil m.a. omfatta undersøking for i-landføring for rørleidningar på Vestre Bokn, rørleidningstrasè over Vestre Bokn, Austre Bokn og Ognøy, kryssing av Boknasundet, Ognasundet og Frekasundet.

Kartet viser området kor den eventuelle rørleidningstrasèen er inn-teikna.



NYTT FRA IDRETTLAGET

Bokn Idrettslag avviklet sitt årsmøte den 19.12.89. Dessverre liten deltagelse blant voksne medlemmer. Det møtte opp 25 barn og 2 voksne medlemmer foruten styret og 1 varamedlem.

Ingunn Sunde gikk ut av styret etter å ha vært styremedlem i 2 år. Mange takk til Ingunn for godt utført kassererarbeid og for stor innsats innen laget med avviklingen av de forskjellige arrangementer.

Gunnar Bokneberg ble valgt til nytt styremedlem.

Det nye styret består av:

Form.: Hans Ovidth, Kasserer: Inge Birkeland, Sekretær: Trond Almås, Nestform.: Gunnar Bokneberg, Matr. forv.: May Elizabet Alvestad.

Varamedlemmer: Gerd Thuestad og Hilde-Gunn Alvestad.

A-laget i fotball ble overrakt "FAIR PLAY"-pokalen for 8. divisjon,

som utdeles av Rogaland Fotballkrets.

Knut-Jarl Rødje holdt foredrag om rusmidler. Han representerte fotballkretsens aksjon "Nei til Narkotika".

A-laget i fotball er meldt på serien i 8. divisjon for 1990 og skal spille i pulje med: Gosen, Graskre, Kark, Karmøy, Nesflaten, Stokkadalen og Tjensvoll.

Det er også meldt på et småguttelag til serien, men der er det ikke satt opp spillepuljer enda.

Orienteringskartet er nå inne for prøvetrykk. Etterpå blir det endel synfaring for å sjekke eventuelle feil, før kartet går til endelig trykking utpå våren.

Ønsker alle et riktig godt idrettslig og fremgangsrikt 1990.

Hans

BOKN SENTERPARTI

ARSMØTE

Den 16. januar 1990 held Bokn Senterparti årsmøte. Då formannen diverre er sjuk vart møtet leia av nestformannen.

I 1989 har desse vore med i styret: Formann: Ingolf Kro, varaformann: Sigvart Våga, studieleiar: Sigrunn Hole Hosaas, styremedlemmer: Alf Alvestad, Annbjørn Bokneberg, Bertha Våge, Ragnhild Laupland og Anne Marie Medhaug.

I styret for 1990 er desse med: Formann: Bernhard Våge, varaformann:

Sigvart Våga, studieleiar: Sigrunn Hole Hosaas, styremedlemmer: Anne Marie Medhaug, Ragnhild Laupland, Alf Alvestad, Annbjørn Bokneberg og Bertha Våge, varamenn: Maud Alvestad, Jakob Are, Vidar Grønnestad, Rune Vatnaland, Sigrunn Hole Hosaas og Thor Jøsang. Utsending til årsmøtet er: Anne Marie Medhaug, varamann: Bertha Våge. Kontingenten for 1990 er sett til kr.100,-.

Bernhard Våge

BOKN ARBEIDARPARTI

Den nye fylkessekretæren

Bokn Arbeidarparti heldt årsmøtet sitt torsdag 11. januar. Me opna med eitt minutts stillhet til minne om Gunn Vigdis Olsen Hagen som nyleg gjekk bort. Særskilt invitert til møtet, var Kjell Sund, den nye fylkessekretæren i partiet. Han orienterte om den nye organisasjonsplanen. Denne og meir generelle spørsmål som både galdt rikspolitikken og kommunepolitikken blei drøfta. Særleg var ein oppteken av kva rolle Noreg kan spela i høve til den nye situasjonen som har oppstått i Aust-Europa.

Valg

Som det høyrer til eit årsmøte, valde me nytt styre. Og som leiar for 1990 blei Ottar Alvestad vald samrøystes. Else Kjellesvik heldt fram som nestleiar medan Gunnar Bokneberg vart vald til ny kasserar og Birger Lindanger til sekretær. Som nytt styremedlem kom Solveig Ørjansen inn.

Elles blei det orientert om endringar i kommunepolitikken som har ført til at Arne Hosaas nå er partiet sin representant i formannskapet og også er vald som varaordførar i kommunen. Elles i kommunestyret sit nå Berit Are, Ove Alvestad og Birger Lindanger som representantar for Arbeidarpartiet.

Om året som var

I året som gjekk, har Bokn Arbeidarparti elles arrangert seks styremøte, eitt møte for partiet sine medlemmer i dei kommunale hovudutvala og tri større møte. Av desse var eitt med tidlegare finansminister Gunnar Berge som talar. Eit anna tok for seg tiltaksarbeid og satsingsområde i Bokn.

Ei viktig arrangement i året som kjem, blir 1. mai tilstelninga der også Tysvær Arbeidarparti er invitert.

Bygdebladet kjem tilbake med rapport frå årsmøta i Kr.folkeparti og Høgre.

FISKESKØYTA "PALMEN" R-10-B

Denne skøyta kom til Bokn i 1939. Knut Grønnestad kjøpte den då av Bernt Slogvik i Tysvær. Den var 40 fot og med ein 16 hk Lysekil motor. Skøyta var ein del år.

Bokn Bygdeblad har vore på besøk hjå Knut, og han kunne dra fram mange minner fra alle åra han dreiv som fiskar. Han fortel at det var no serleg sildafisket "Palmen" blei brukt til, men også sei - brisling og seinare rekefisket.


I sildafisket var me eit mannskap på 5. Den som var viljug til det var kokk. Eg var aldri lenger enn til Bualandet, altså sørsida av Stat.

Mange Boknarar var med som mannskap, men dei to som var lengst med, var bror min Torger Grønnestad og Ole Borgenvik. Var det lange strekkingar me skulle gå, fekk eg Ole til å løysa meg av. Og då kunne eg alltid trygt gå og leggja meg.

Bygdabladet spør om det ikkje kunne vera eit surt liv vinters dag? Jo, det kunne vera forskjellig men slikt blei fort gløymt, visst ein berre fiska. Men, hugs a eit vår-sildfiske utfor Åkra, me låg no visst 12 skøyter i lag og skulle få opp ein "klase". Altså lenker "4 garn" som hadde reke saman. Men, det var ugjerleg. Me måtte letta det frå botn og slepa det inn til Åkra. Her blei det løfta på land med ein stor krane. Så var det alle mann til å rista av sild, skjæra av stein, og prøva klara det opp. Mykje blei ødelagt, men me hadde som regel noko igjen for arbeidet. Det var alltid trist visst me tapte ein lenke. Det kosta jo mykje pengar med reiskaper.

På rekefisket var me to eller tre mann. Gjekk som regel 6-7 timar ut frå Skudesnes. Ein gong me var ute, blei me overraska med kuling av nordavind. Me hadde for lette maskin, og måtte styra oss inn til Eigversund. Det var ein dårleg tur.

I 1946 fekk eg "Palmen" heilt ombygd og fornya. Det var Lars og Magne Susort i Tysvær som gjorde dette. Då blei den 43 fot og skifta motor til 24 hk Rapp. Og i 1953 fekk eg installert radio-telefon. Det var til god hjelp og triveleg.



Tordis, kona til Knut seier hu kan ikkje gløyma ein vinter dei skulle reisa på sildafisket. Dagen før kom ei kåna og spurde om hu kunne få fylgja skøyta til Skudesnes. Jo, eg lova, kan skjønna du kan det. Knut blei helst sur, ja ikkje berre han, heila mannskapet blei leie på meg. Du veit "kvinnfolk ombord" det betydde fæle greier, "ulukka" meinte folk frå gamal tid.


Men, kona møtte opp neste morgon, og fekk fylgja.

Veit du kva, ikkje nokon vinter fiska dei så godt, seier Tordis og kosar seg litt over dette.

Bygdebladet spør om han trivdes som fiskar? Og då var ikkje Knut sein om å svara. Ja, eg gjorde det, og gildast var sild- og rekefisket. Kunne eg fått valgt yrke i dag, hadde det no og blitt fiskar.

Elles fortel Knut at når han var heime, og skøyta låg i Straumen, blei den brukt både til "byturar", og til Karmlund-Mølle med korn. Og alltid på ettersumaren var 7-8 mann med han, og dei gjekk til Nedstrand etter "teineband". Gjekk svært tidleg om morgonen og kom seint heim same dagen. Dei spurde aldri om og ta, gjekk berre opp i ein skog med ei lita sag og øks og tok brake. Men, folk var berre glad me rydda vekk. Og sidan kona mi er frå Tysvær, blei det ofte tur med "Palmen" ein søndag til Susort på familie-besøk. Skøyta blei seld 1962 til Valerøyane i Oslofjorden. Der blei den brukt til turistbåt der aust. For ca. 12 år sidan var eg på biltur med ei av døtrene mine som bur på Østlandet. Og då leita me skøyta opp, kjørte mest ein heil dag. Den låg ved ein kai i nærheten av Fredrikstad. Det gleda meg å sjå den, og at den var i så fin stand og at framleis navnet var "Palmen".

BOKN FOLKEBIBLIOTEK



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30

LESETIPS FOR FEBRUAR:



VAKSNE

Wicklund, Miriam:
Kjerringråd.
Barn og allergi.
Løkkeberg, Vibeke:
Leoparden.
Greene, Gael:
Himmelsk elskov.
Márquez, Gabriel Garcia:
Generalen i sin labyrint.
Wassmo, Herbjørg:
Dinas bok.

BARN OG UNGDOM

Hauger, Torill T.:
Ravnejenta.
Dahl, Roald:
Matilda.
Moe, Ingvar:
Oldemor og skurken.
Vik, Walter:
Farlig jakt.

**BOKER ELSKER
LESERE**



BOKKAFÉ

FRITIDSKLUBBEN "PETRA" HAR NY
BOKKAFÉ I ALLROMMET ONSDAG
14.02. KL. 16.00 - 19.00

BARNETIME

BARNETIME PÅ BIBLIOTEKET ONSDAG
21.02. KL. 17.00.

BOKN SKULE




BARNE OG UNGDOMSPLAN

Barne og ungdomsplan er ein plan som tale barn og ungdom si sak på kommunalt plan. Det er viktig for oss fordi me ikkje kan vere med å bestemme før me er 18 år.

Me har nå fått ein barne og ungdomsleiar her i Bokn som jobbar for oss barn. Ho heiter Tove Bente Langvik.

Oppgåva hennar er å finne ut korleis barn og unge har det i Bokn, korleis dei vil ha det og korleis dei bør ha det. Tove har vore med i ein barne- og ungdomsplan i Lærdal kommune og.

Opplysningar får ho frå litteratur, spørreskjema til alle under 20 år og frå organisasjonar her i Bokn. Det er ein person frå kvar etat med i ei styringsgruppe som godkjenner arbeidet til Tove.



EIN LOKAL KUNSTNAR

Me har mange lokale kunstnarar i Bokn, og ei av dei er Marie Dirdal. Ho leverer noko av det ho lagar ned til Bruktkunsten. Me på skulen var og snakka med ho om nettopp dette!

Marie bidrar med små og store kattar, lubber og huer. Hun begynte når bruksen åpna. Når ho strikker kattar er det monteringa som tar mest tid. På bruksen kostar det 95 kroner for dei store kattane og ca 17 for dei små. Det er dei som styrer bruksen som bestemmer prisen. Ho tjener ikkje så mykje, men leverer for at bruksen er i drift. Til no har Marie solgt alt ho har laga. Marie har dreve på med dette i to år. Når ho skal laga noko så går ho og ser om det er noko som ikkje er laga frå før. Ho har og levert nokre porselenmala ting!

INTERVJU MED ANNBJØRN

SUNDE



Me var sjå Annbjørn Sunde for å snakka om jaktseasonen som er over.

Annbjørn har jakta i 28 år. Når han går på jakt bruker han hagle eller rifle. Han går mykje aleine når han jaktar, men er ikkje redd. Annbjørn jaktar på fuglar og hjort. Til no har han skote 20 hjortar. Annbjørn liker godt å gå på jakt og han garvar dei finaste skinna. Han spiser kjøttet, men geviret kastar han. Han går på jakt for å få mosjon og for at han liker å gå i skog og mark!

20



barneside


LABYRINT.

Juleavslutninga på skulen.




Den 20. Desember 1989 var det juleavslutning for skulen. Det var tilsammen 245 elever og foreldre. I pausen fekk me graut og saft. Av presten fekk skulen eit puslespel. Elevane var med å laga til. Nokon var med på skogespel og andre var med å pynta. Dei laga t.d bordkort, dekorasjonar o.l. Dei siste dagana før festen var det fullt kaos på skulen. Alle var opptatt med å førebu festen. Under festen var det masse rot bak scenen. Alle skulle finne kostymene sine og lære kva dei skulle seie, men me fekk det til...Festen blei kosleg den.

B-Gjengen
skal til bingen
for å ta penger.



1990



Om det nye året blir tilbrakt i kyrkja, på arbeid eller i selskap - den underliggjande tanke er alltid den same. Det store ynskje om eit lykkebringande nytt år og den halvt umedvetne kjensle at slik som byrjinga er, slik vil resten av året bli. Nyttårsafta er den siste dag i det gamle året. Nyttårsdagen er byrjinga på kalenderåret eller det borgerlege år. Denne gongen er det 1990, eit nytt tiår. Me håper at 1990 blir eit år med FRED.

VITSAR:


Det er det minste barnet eg har sett.
Det er nok et Barnebarn.

Kari: Mamma, mamma eg har fått mormor til å slutte og bite negler.
Moren: Korleis klarte du det?
Kari: Eg gøynde gebisset.



barneside forts.

NAMN PÅ ØY



Vannrett:

1. Slå
5. Flyplass
6. Er på hus
7. Vekst
8. Dag og
12. Regn
13. Lede
14. Eta
17. Guttenamn
21. Er snop
23. Jentenamn
24. Kaldt
28. Nydeleg
27. Er i hus

Loddrett:

2. Leiker
3. Dyret
4. Vokse
5. Fortalte
6. Sikker
9. Oppdrett
10. Er i munnen
11. Moderene
15. Sport
16. Løfte
18. To vokaler
19. Lars Nilsen
20. Grus
22. Smelt!
25. Heilag

Kva figurar høyrer saman?
(Sett strek mellom)



VITSAR:

- Kva er klokka?
- I don' knov!
- Kva betyr det, da?
- Eg vet ikkje.
- Hvorfor snakker du engelsk når du ikkje vet kva det betyr?

LEGEN TIL PASIENTEN

- Men, De har jo ingen tempratur!
- Nei, søster har tatt den!



I skuleredaksjonen:
Nina, Lillian, Emma, Linda,
Stephan, Roger, Tor Harald,
Ole-Johannes, Magnus,
Silje-Karin, Evy, Andre,
Richard, Elin, Terje, Marit,
Torstein A. og Ingri.

STADNAMN I BOKN

VATNALAND

FRA FIRE TIL EIN GARD

Vatnaland har fått namn etter vatnet garden ligg ved. Vatnalandsvatnet er då også det største i kommunen. Garden blei rydda seinast for 1500 år sidan og har vore i drift sidan. Han strekte seg opphavleg frå austbreidda av vatnet til Vågshaug over mot Håland i aust, men nådde ikkje ned til sjøen. Der låg tri andre gardar og stengde. Fara etter dei er ennå å sjå i sørvest-hellinga av haugen Enebor, 3-400 meter lenger nord i skråningen av Hatlefjellet og "Øygarden" søraust for Enebor.

Ein av gardane blei truleg avfolka alt kring 550 e.Kr. og dei to andre i samband med Svartedauden eller pestepidemiane som fylgde. Fram til fyrst på 1500-talet buddet det framleis to bønder på Vatnaland. Men på den tida la ein bonde under seg heile garden saman med dei to øydegardane under seg til beitemark. Framleis i 1668 blir det uttrykkeleg nemnt at dei to gardane låg øyde under Vatnaland.

OKSEBÅSEN OG VÅGSHAUG

I fyrste halvta av 1600-talet blei det øyde bruket på Vatnaland på ny busett og sidan har det budd to bønder på garden. I fyrste halvta av 1700-talet let dei Holger og Åsa slå seg ned som husmannsfolk i Oksebåsen og i siste halvta rydda Jens og Kari seg husmannsplass i Vågshaug. Desse områda låg oversikteleg til for tunet på Vatnaland og husmannsfolka fekk i oppdrag både å halda auga med at utanforståande ikkje tok seg til

rette og med Vatnalandsbuskåpen som beita der. Både Oksebåsen og Vågshaug låg ved framifrå hamner og folka der livnærde seg vesentleg av sjøen.

STORFOLKA PÅ VATNALAND

Vatnaland var heilt sidan mellomald-eren i adeleg eige. Og til langt inn på 1600-talet budde det storfolk på garden. Ingen i Bokn betalte meir i straffeskatt i 1519 enn Viking på Vatnaland. 45 mark pengar laut han ut med, ein halv gong meir enn Jon på Boknaberg på andre plass. Dette fortel ikkje bare om stor velstand, men truleg også at Viking var den frems- te bondeleiaren i bygda.

Fyrst på 1600-talet gifta Marit Olsdotter frå Etne seg til gards. Ho skal ha vore av rik adelssett, og det blir sagt at ho jamvel åtte jordergods på Shetland. Då ho døydde gammal og avdaga i 1674, let ho etter seg ei formue som bare i lausgods låg kring fire gonger høgare enn for bønder flest. Ho dreiv utstrekt utlansverksemd, og sist på skulda 23 personar pengar til henne frå den fattige Søren Skreddar i Føresvik (1 dalar) til sjølvaste stiftsskrivar Per Søffrensen (32 dalar). Til desse to kom mest annan kvar bonde i bygda!

Elles blei Vatnaland etter landskylda rekna som ein mellomstor gard, om lag på line med Alvestad. Men i motsetnad til andre gardar i Bokn der landskylda blei rekna i korn, rekna dei henne i smør og hudar på Vatnaland. Det fortel at husdyrhaldet var den viktigaste delen av gardsdrifta også i gammal tid.

...det er vi som selger

BLINK *En fulltreffer*
OHUS FORSLAG TIL HØKKEN-
TEGNING • BYGGE SAKSBEHANDLING...

FOR AVTALE PÅ BOKN
RING SOLVIG GUNDERSEN
TLF. 748501

UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (047) 43 111

RØDE KORS-NYTT

Så er vi ferdige med det første kurset i førstehjelp, hele 34 boknerar fullførte og fikk sitt diplom.

Nærmere 60 var påmeldt fra starten av, men siden vi måtte skifte kursdag fra fredag til onsdag var det en del som ikke kunne fortsette. Vi har derfor bedt hjelpekorpsset i Kopervik om å starte nytt kurs til våren, så da håper vi at alle som har lyst får anledning til å være med.

De to siste helgene i januar ble det arrangert kurs i hjelpekorps-tjeneste på Røde Kors-huset i Kopervik, 16 deltok fra Bokn, dette er flott! John Magne Lie ordnet med felles busstransport. På dette kurset ble mer spesielle hjelpekorpsaktiviteter gjennomgått, slik som transporttjeneste, ettersøkning, samband, orientering med kart og kompass, behandling av åpne brudd o.l.

Besøktjenesten vil også med det første arrangere et pasientvenn-kurs som vil gå over 5 kvelder. Dette er et obligatorisk kurs for de som ønsker å delta i besøksvirksomheten til Røde Kors, men du kan gjerne delta på kurset uten at du behøver bli med i besøktjenesten etterpå, for innholdet i dette kurset kan være interessant for mange av oss. Det blir foredrag av ulike fagpersoner, og temaene er bl.a.: "Lover og bestemmelser, sykehus-etikk og etikette, eldreomsorg, beredskap."

På årsmøtet i februar blir det valgt styrer for både hjelpekorps, besøktjeneste og lokallaget - og så er vi i gang for alvor.

I Røde Kors kan alle være med, både som aktive og som støttemedlemmer. Du får en interessant og givende fritid i hjelpekorpsset, med kurs, øvelser og gode ferdigheter i førstehjelp, og anledning til å yte omsorg og dele litt av din tid med dine medmennesker i besøktjenesten.

HAR DU VUNNET PÅ RØDE KORS JULEKALENDER?

Fra Kopervik Røde Kors har vi fått melding om at flere store gevinster fortsatt ikke er hentet. Hovedgevinsten - fargefjernsynet - som ble trukket julaften, video, 1 ukes ferieopphold, fotoapparat og gavekort venter ennå på glade vinnere. Har du fremdeles kalenderen og ikke har kontrollert den; kan du se etter i trekningslista første utgave i år, eller kontakte Audhild, tlf. 748632 priv., arb. tlf. 748500.

KONTORTID

Bokn Røde Kors har fått leie midlertidige lokaler i 3. etasje i gamle banken. Vi har åpent hus/kontortid hver onsdag kl. 17-19, og har du lyst å vite mer om Røde Kors-aktiviteter, bli medlem eller bare har lyst på en prat og en kaffekopp, så kom oppom.

P.S. Vi har sparsomt med sittemøbler ennå, så har noen en brukbar sofa de vil kvitte seg med, tar vi gjerne imot den.

Audhild

Oppskrift på en vellykket dag

- 1 kopp vennlige ord
- 2 toppete kopper forståelse
- 4 ts. tid og tålmodighet
- 1 håndfull varm personlighet
- 1 stenk humor

Fremgangsmåte:

Vei ordene nøye. Tilsett forståelsen. Bruk god tid og glem ikke tålmodigheten. Blandes med den varme personligheten, men må ikke koke. Hold temperaturen på 37,5 grader celsius, og ha alltid humoren beredt. Smak til med livets krydder. Serveres i individuelle porsjoner.

RIKSTEATERET TIL BOKN MED TEATERBÅTEN INNVIK

Onsdag den 7.februar kjem Riksteateret med teaterbåten INNVIK til Føresvik med forestillinga "Karius og Baktus" kl.16.30.

KARIUS OG BAKTUS er ei dokkeframsyning for barn frå 3-6år. Munnen går opp for to velkjende tann troll på teaterbåten Innvik: I snart 40 år har barn fått høyre forteljinga om Karius og Baktud som berre vil ha loff med sirup på der dei held til i munnen til Jens. Framsyninga er eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland Teater og Riksteatret - og eit resultat av det praktiske arbeidet med å lære opp dokkespelerar som dei to teatra driv saman. Det er første gong dokkespelarane er i elden. Men dei muntre figurane til Thorbjørn Egner blei som vanleg godt mottekne: Hordaland Teater måtte sette opp ekstraframsyningar med det same dei tok til å spela i haust. Jamvel pressa var nøgd: Elevane "fekk synt at dei alt hadde lært massevis", skreiv Bergens Tidende då Karius og Baktus hadde premiere på Hordaland Teater. Stykket er omsett til nynorsk av Agnete G. Haaland som òg har regi for nyproduksjonen.

Framsyninga varer omlag 40 min.

Billettpris: kr.20,-.



VESLETUSS er ei familieframsyning for alle over 6 år. "En morsom, livlig og spennende innføring for barn i gamle norske tradisjoner" skreiv Bergens Tidende om spelet som er bygd på norsk folketro og gamle tradisjonar. Vi dreg hundre år attende i tid og treffer den norske nissen. Byguten Isak dreg på vitjing til slektsgarden Nuten der onkel Sivert bur. Her får han høyre eventyra om Vesletuss som det følgjer lukke med - dersom dei steller fint med han. Isak trur ikkje på Vesletuss, han er oppteken av dei moderne oppfinningane og bryr seg ikkje om gamalt folkesnakk. Men han får stadig overraskingar. Gerald Pettersen har sett i scene "Vesletuss". Det har blitt ei framsyning som både vaksne og barn kan glede seg over. Bruk av svart teaterteknikk gjer det òg litt spennande. Sopelime feiar av seg sjølve, tønner flyr gjennom lufta, og kornsekker dansar åleine. Komediske situasjonar er utnytta maksimalt; her er blitt mykje å more seg over! Dei fire skodespelarane: Geirdis Bjørlo, Sigurd Lysbakken, Rolf Henning Walde og Jorunn Sofie Lullau gir liv til eit heilt persongalleri forutan Vesletuss, dyra på garden og alle tinga som rører seg av seg sjølve.

Framsyninga varer omlag 1 time og 10 min.

Billettpris: kr.40,-.

Det vert forhåndssalg av billetter i biblioteket fram til og med den 6.februar, og salg av billetter ved inngangen.

NYBYGG - REPARASJONAR

TLF. 74 84 64

MOBILTLF. 090 45 0 58

BYGGMESTER SVERRE ØVREBØ
4290 FØRESVIK



-fagkunnskap gir trygghet.

LANGE ARBEIDSDAGAR

FOR PENDLARAR FRÅ VESTRE BOKN

Etter at Austre Bokn er blitt landfast, og det går oftare ferje over Boknasundet, har det sjølsagt blitt mykje enklare for folk frå Austre Bokn å ta seg fram til arbeid eller andre aktivitetar i Nord-Rogaland. Det same gjeld også for folk frå Vestre Bokn som skal til Tysvær eller Haugesund.

Når det gjeld dei frå Vestre Bokn som arbeider på Karmøy, har det ikkje ført til at dei har fått det enklare. Dei har i dag både lengre arbeidsdag og lengre veg. Tidlegare starta dei kvart over seks-ferja til Kopervik, og var heime att ti på fem om ettermiddagen. I dag må dei reisa kl.6 frå Føresvik og er heime att litt før fem som før. Altså har dei i dag litt lengre dag enn tidlegare.

Bokn Bygdeblad har snakka med ein av dei som pendlar til Kopervik-området, og han seier at han nok på sikt vil prøva å få seg arbeid enten i Haugesund eller Tysvær. Det vert faktisk for langt å reisa heilt rundt til Kopervik sjøl om det vert noko betre når brua over Boknasundet er ferdig.

GUNN GRØNNESTAD

ny pleie- og omsorgssjef

OVERTAR ETTER ELSE NILSSEN 1.MARS

I kommunestyret den 19. desember 1989 vart Gunn Grønnestad samrøystes tilsett som pleie- og omsorgssjef i Bokn kommune frå 1. mars 1990. Det var to søkjarar til stillinga.

ARNE HOSAAS

ny varaordfører

LEIF VATNALAND HELD FRAM SOM ORDFØRAR

Bokn kommunestyre hadde i sak 64/89 den 19.12.89 val på ordfører og varaordfører for perioden 1990 - 91. Det kom berre fram 1 forslag på ordfører. Det var senterpartiet som sette fram forslag på Leif Vatnaland. Han fekk 12 røyster. 5 var blanke. Leif Vatnaland vart soleis vald til ordfører for perioden 1990 - 91.

Ved val av varaordfører sette arbeiderpartiet fram forslag på Arne Hosaas, og høgre foreslo Gunn Grønnestad. Ved avrøystinga fekk Arne Hosaas 11 røyster og Gunn Grønnestad 5 røyster. 1 røyst var blank. Arne Hosaas vart dermed vald til varaordfører for perioden 1990 - 91.

SR-PERSONKONTO SYR FORDELER SAMMEN

HØY RENTE

ENKEL OG
OVERSIKTLIG

PRAKTISK
I BRUK



Plannemnd for NY KYRKJEGARD

Bokn formannskap har oppnemnd desse til plannemnd for ny kyrkjegard:

Finn Bårdsen
Leiv Våga
Leif Vatnaland

Teknisk sjef er sekretær for nemnda.

Plannemnd for OMBYGGING AV SKULEN

Bokn formannskap har vedtatt å oppretta ei plannemnd på 3 medlemmer for ombygging av Bokn skule. Skulestyret får fullmakt til å oppnemna medlemmene.

Teknisk sjef og skulesjef er faste rådgjevarar. Skulesjefen er sekretær for plannemnda.

NY VEG TIL BOKNATUN FORMANNSKAPET FORESLAR UTSETJING

Bokn formannskap har ovafor kommunestyret foreslått å utsetja saka om omregulering av ny tilførsleveg til Boknatun. Dette skal vurderast i samanheng med trongen for utbyggingsareal i tilknytning til skuleanlegget.

EDB-UTSTYR TIL KOMMUNEN

På grunnlag av eit arbeid som er framlagt av eit EDB-utval, har Bokn formannskap ovafor kommunestyret tilrådd at den framlagde EDB-planen for Bokn kommune vert vedtatt.

I planen ligg ei investering i EDB-utstyr og programvare for kr. 700.000,-.

Ein foreslår at ordførar og rådmann får fullmakt til å slutføra forhandlingane med firmaene IBM og Scanvest Ring, og teikna endeleg kontrakt om utstyr/programvare.

Planen inneheld fleire faser. Fase 1 vil altså gå på innkjøp i 1990 og kosta kr. 700.000,-.

Det er planlagt fase 2 og 3 i 1991 og 1992 med investeringar i maskinvare, programvare og opplæring. Her er det snakk om ytterlegare kostnad på ca. 200.000.

I 1990 er det tenkt start på EDB-byggjing på område som tekstbehandling, arkiv og saksbehandling. I tillegg on-line tilknytning til Rogalandssdata for rekneskap og budsjett. I fase 2 vil det vera naturleg med å få inn økonomiske rutiner som budsjett, rekneskap, løn og kommunal fakturering på eige dataanlegg.

BOKN FOLKEBIBLIOTEK ÅRSMELDING 1989

Folkebiblioteket hadde i 1989 ein auke i vanleg utlån, fjernlån frå fylket og talet på besøk. Utlånet i 1989 var på 4016 bøker, ein auke på 475 bøker frå året før. Talet på fjernlån frå fylkesbiblioteket var på 155 bøker, i 1988 var fjernlånet på 109 bøker. Besøkande i 1989 var 2184, mot 1748 i 1988. Talet på media var pr. 31.12.89 9501.

Våren 1989 starta biblioteket med barnetimar for barn frå 3 år og oppover. Barnetimane er lagt opp med sang, høgtlesing og teikning. Barnetimane har vore ca. ein gong i månaden og vil halde fram i 1990.

Biblioteket har hatt eit forfattarbesøk i 1989. Det var Ingvar Moe som

var her i november. Han vart nytta i to skuletimar, barnetime og for vaksne om kvelden. Det var eit svært godt frammøte til alle arrangementa. Ein vonar å få til liknande arrangement i 1990.

Det har i 1989 vore lagt ut bøker på sjukeheimen, venterom doktor/tannlege og helsesyster som biblioteket syter for å byta ut ca. kvar 2. måned.

Biblioteket har enno ikkje nokon samarbeidsavtale med skulen, men vonar å koma fram til ein avtale i 1990.

GODT NYTTÅR!

Biblioteket ser fram til eit godt samarbeid i 1990.



BOKN KOMMUNE

KUNNGJERING

BOKN KOMMUNE

I medhold av plan- og bygningslovens § 27-2, pkt.1, har Bokn kommunestyre i møte den 19. desember 1989 vedtatt egengodkjenning av følgende reguleringsplaner:

REGULERINGSPLAN FOR UTVIDELSE AV LAGEROMRÅDE FOR BOKN PLAST A/S I FØRESVIK

Planen omfatter nytt fyllingsområde i sjøen sørvest for bedriftsbygningen.

REGULERINGSPLAN FOR FERJELEIET PÅ ARE - R.V.512

Planen omfatter ferjeleie, trafikksystem, areal til langtidsparkering og friområde.

Følgende eiendommer blir berørt: gnr.16, bnr.2 og gnr.16, bnr.5.

Krav om erstatning i henhold til plan- og bygningslovens § 32 nr.1, annet ledd og § 42 annet ledd må være satt fram seinest 3 år etter kunn-gjøringsdato.

TEKNISK ETAT

BRØYTING AV PRIVATVEGER

Med forbehold om godkjenning på møte i teknisk hovedutvalg den 01.02.90, kan Bokn kommune nå tilby hjelp til brøyting av privatveger.

Tjenesten skal betales etter medgått tid og en timesats på kr.130,-. Mins-tesatsen er kr.50,-.

Forespørsel om brøyting skal rettes til Odd Grønnestad, tlf.748403 eller Vidar Grønnestad, tlf.748606.

Teknisk etat



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4790 FØRESVIK - TLF 04-74 85 00

LEDIGE ELEVPLASSAR

VÅRHALVÅRET 1990

Det er no 2 ledige elevplassar i musikkskulen på aktivitetane SOLO-SANG og KEYBOARD-UNDERVISNING.

Ta kontakt dersom du er interessert, og for nærmare opplysningar.

Jardar

BOK-KASSE

Det er nå plassert ein bokkasse ut-anfor biblioteket. Bokkassen kan nyttast til levering av bøker når biblioteket er stengt.

"BRUKSHUSET"

Innlevering av varer opphører på fredagene. Innlevering skjer i åpningstida på lørdagene.

HAR DU EIN LEDIG LÅVE?

DÅ KAN DU GJERA EIN INNSATS FOR
FRAMTID OG FORTID!

Som det vil vera kjent, har Bokn eit aktivt bygdemuseum. Så aktivt at det er i ferd med å sprenga all den lag-erplassen det har. Særleg er dette ille når museet i år har tenkt å setja i gang arbeid for å samla inn gardsreiskap, fiskereiskap og gamle motorar. Typisk for desse gjenstand-ane, er at dei krev mykje plass. Difor vil museet på dette viset be alle boknarar å tenkja over om dei har høvelege lokale - t.d. løer og naust - som kan leigast ut til lag-er og kanskje jamvel utstillingslo-kale for dei nemnde gjenstandane.

Har du det - kontakt anten Eivind Øvrebø, Ottar Borgenvik eller Birger Lindanger!

ARRANGEMENT I FEBRUAR

- 2.febr. Bingo - Arr.:Skolekorpset.
7.febr. Riksteatret - teaterbåten
INNVIK v/Føresvik kai.
17.febr. Dans - Arr.:Idrettslaget.
23.febr. Pensjonistforeningen - Møte

ÅRSMØTE

Bokn Røde Kors holder årsmøte på allrommet, Boknatun, fredag 16.februar kl. 19.00. Medlemmer i Røde Kors og andre interesserte ønskes velkommen.

ØNSKES KJØPT

Gammel lysekroner (gjerne deffekt) og kommode ønskes kjøpt.
Henv. tlf.748495.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 12.februar.
Påmelding til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.



GUDSTENESTER I BOKN KYRKJE

Februar: 4. og 18.

Mars: 4. (kveld) utdeling av "Godt Nytt" (til 4.kl.) og 18.03.

TANNLEGE

Vi ber alle 17 åringar, (født -73) ta kontakt snarest for timebestilling i vinterferien (febr.).

Dest.tannkl. i Bokn
tlf.748500 (tirsdag og torsdag)

SAKNAR DU SYKKELEN DIN?

Gråblå herresykkel (nokså ny). Har stått på moloen i Alvestadkroken ca. 1/2 år. Kan hentes hos Kyrre Lindanger.



BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — 4290 FØRESVIK

BOKN BARNEHAGE LEDIGE STILLINGAR

1. Assistentstilling mellombels frå 19.02. til 30.06.90.
2. Styrarstilling

Ein er også interessert i søkjarar utan førskuleutdanning.

Søknadsfrist 2.februar.

Søknad kan sendast til Bokn skulekontor.